



Stemneplassen treng ein dugnadsinnsats før 17. mai. Og så er det berre å håpa på fint ver slik at ein slepp å flytta innomhus i staden.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**17.mai-førerbuingane er ikkje langt unna og på stemneplassen skal det vera dugnad tirsdag 13. mai – frå klokka 18 og utover.**

Det opplyser Bjarte Døssland, som oppmodar alle som vil ha ein vakker plass til nasjonaldagen om å møte fram med dertil eigna reiskap.

Det kan vera rive, trillebår, klenklippar, hagesaks, kost, lukereiskap, spade og så vidare.

- Til fleire vi er til kjappare går det unna, seier Bjarte.

Ellers minner han om at det – etter roteringsplanen – er Røysterrett for alle som har ansvaret for sal av is, brus og pølser på Stemneplassen 17. mai i år.

I og med at dei fartar rundt og syng både her og der denne dagen bør dei sikkert ordne seg med hjelp til salet hvis dei ikkje allereie har gjort det.

Friluftslaget, som har ansvaret for stemneplassen, har halde årsmøte og valt nytt styre. I det sit Kåre Vetrhus, Svein Arild Kjærland, Inger Anne Leite, Kari Ljosnes og Hilde Steinsvik.

Av Ola Matti Mathisen